

---

**Fra:** Internpost Bergen og omland <internpost.bergen@mattilsynet.no>  
**Sendt:** 9. november 2017 15:57  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Uttale frå Mattilsynet til varsel om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema for Meland kommune  
**Vedlegg:** image001.wmz

**Til**

**Meland kommune**

**Postboks 79**

**5906 Meland**

**Pr e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)**

**Sakstittel: Meland kommune - Kommunedelplanens arealdel**

**Mattilsynet sitt saksnr: 2017/201058**

**Dykkar referanse: 17/338 – 17/19090**

**Uttale frå Mattilsynet til varsel om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema for Meland kommune**

Mattilsynet syner til brev frå Meland kommune datert 28.09.2017 med tittel «*Varsel om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema for Meland kommune*» vedlagt «*Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema – høyringsdokument 25.09.2017*».

Mattilsynet ønskjer å gje tre innspel ( to til deltema som er omtala i planprogrammet og eitt tema som ikkje er omtala):

**Sitat frå planprogrammet:**

### **2.3 Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn- samt djupvasskai**

*Det er eit mål å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Næringa er i stadig vekst, og det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover.*

*Det er under arbeid eit interkommunalt prosjektet i Nordhordland der vi vil kartlegge næringa i område, syne moglegheiter, og ha felles praksis i regionen.*

*Fokusområder for prosjektet er å vurdere aktiviteter i og ved fjordane som kan kombinerast og kva som vil vere i konflikt. Vi vil vurdere potensiale for ulike oppdrettsarter.*

*Dette interkommunale arbeidet vil gå parallelt med arbeidet med rullering av kommuneplan i Meland.*

*I vårt arbeid vil vi kartlegge og utvikle potensiale i næring, transport og reiselivsutvikling som ligg i at Meland er ein øykommune nært Bergen.*

### **Djupvasskai**

*Det skal gjerast vurderingar på eigna areal for djupvasskai i samband med rullering av arealplan. Det var planlagt og godt tilrettelagt for djupvasskai på Hjertås.*

*Det er no ikkje høve til å vidareutvikle denne pågrunn av militær forbudssone som er etablert av forsvaret i området.*

*I arbeidet med å vurdere areal for havbruksrelatert næring, vil vi gjøre ei vurdering på å finne eigna areal for djupvasskai i Meland.*

### ***Havbruksrelatert næring***

*Det er etablerte akvakulturanlegg i kommunen som ikkje har høve å vidareutvikle drifta p.g.a. militær forbudssone.*

*Vi vil i planarbeidet vurdere alternativ lokalisering for areal til akvakultur langs kystsona.*

*Det vil og verte gjort vurdering på landbasert næring knytt til akvakultur.*

*Området ved Landsvik N13 og N14 er regulert til næring i gjeldane arealplan. Her vil kommunen vurdere om arealet er eigna til sjøbruksrelatert næring både i sjø og på land.*

### **Merknad nr 1 frå Mattilsynet:**

**Mattilsynet har interesse av å bli involvert i det vidare arbeidet i Meland kommune med havbruksrelatert næring, også når det gjeld alternativ lokalisering.**

Mattilsynet har hovudansvaret for forvaltninga for å sikre helsemessig trygg mat, fremje god fiskehelse, fremje god fiskevelferd og respekt for dyr/fisk, fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn langs heile matproduksjonskjeden og ivareta miljøvenleg produksjon.

Mattilsynet fører tilsyn med havbruksnæringa etter forskrifter for områda fiskehelse og fiskevelferd. Tiltak mot fiskesjukdomar dannar grunnlaget for dette arbeidet. Eit viktig mål med tilsyns- og overvakingsarbeidet er å hindre introduksjon og spreiing av fiskesjudomar.

Mattilsynet avgjer søknader om å drive oppdrettsvirksomhet etter matloven og dyrevelferdsloven og legg i sakshandsaminga vekt på å vurdere faren for smittespredning til og frå anlegget.

For å drive oppdrettsverksemد må du ha offentleg løyve. Fylkeskommunen har ansvaret for å avgjere akvakultursøknader etter akvakulturloven. Fylkeskommunen kontrollerer søknader og sender søknadane vidare til relevante sektorstyresmakter og lokaliseringskommunen.

Mattilsynet si oppgåve ved handsaming av søknader er å vurdere om anlegget og lokaliseringa er eigna ut frå fiskehelse og fiskevelferd. Mellom anna vurderer vi faren for smittespreiing til og frå anlegget.

Dersom Fylkesmannen, Kystverket eller Mattilsynet avslår ein etableringssøknad, kan det ikkje gjevast løyve (konsesjon) etter akvakulturloven. Det kan heller ikkje gjevast løyve gis i strid med vedtekne planar, vernetiltak, plan- og bygningsloven eller kulturminneloven.

Kommunen planlegg bruken av kystsonen med heimel i plan- og bygningsloven. De har vidare ansvar for sakshandsaming etter same lov, og vil i dykkar sakshandsaming av etableringssøknader konkludere med ei fraråding eller tilråding etter at kommunale utval (fritids-, helse-, kultur-, og næringsutvalg mv.) har gjeve uttale. Kommunen kommenterer også protestar, brev frå naboor, aktuelle grunneigarar og andre. Kommunen kan fatte vedtak om dispensasjon og slike vedtak kan påklagast også av statlege styresmakter og fylkeskommunen, til fylkesmannen. Mattilsynet og andre sektororgan er i noko varierande grad involvert i den kommunale planleggingsprosessen.

Når det gjelder fiskehelse, arbeider Mattilsynet for oppdrettsområdet for at sjukdom i oppdrett ikkje skal ha uakseptabel bestandsregulerande effekt på villfisk, ikkje skal gje gje unødig tap i produksjonen, ikkje vera årsak til unødig liding hos fisk eller medverke til uønska medisinbruk.

Matloven og omsetnings- og sykdomsforskriften inneholder heimlar for fastsetjing av soneforskrifter som ledd sjukdomskontroll, som kan gje føringar for andre sektorstyresmakter si forvaltning – både i etablerings- (tildelings-) og driftsfasen.

Det kan til dømes vera avgrensning i arealbruk, definerte transportruter, auka krav til dokumentasjon/beredskap (antall slakterier i nærleiken), døgnkapasitet hos desse, reelt tilgjenge, eigen og innleid fraktekapasitet, mannskapstrong, godkjende deponerings-, og avfallshandteringsstader (spesialavfall).

God fiskevelferd er en viktig føresetnad for god fiskehelse, lav dødelighet, god kvalitet, godt omdømme og god lønnsomhet.

Dyrevelferdslovens krav til god fiskevelferd hos akvakulturfisk er i stor grad regulert gjennom forskrifter. Det er gjeve ei rekkje krav om fiskevelferd både for etablering og drift av akvakulturanlegg og for slakting av akvakulturfisk.

Velferd hos andre akvatiske dyr som bl.a. villfisk, krabbe, hummer og kreps er regulert hovedsakleg direkte gjennom dyrevelferdsloven sine krav.

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å sikre at fisk og andre akvatiske dyr har det godt og behandles i samsvar med dyrevelferdsloven sine krav.

#### Sitat frå planprogrammet:

#### **2.4 Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser (div. typer jord og stein)**

*Vi skal ha ei berekraftig utvikling*

*Jordmasser er ein ressurs for landbruk og samfunn. Fokus på jord og jorda sin verdi har auka dei siste åra. Problemstillingar rundt kva som skjer med jordmasser som vert fjerna frå utbyggingsområder er tema i planarbeid og byggesaker. Vi vil redusere transportbehov ved utbygging og forbetra jordbruksareal ved tilføring av jordmasser.*

*Kommunen ynskjer å nytte masser frå utbygging som ressurs. Overskotsmasser må så langt det er mulig nyttast på staden.*

*Kommunestyre vil i rullering av kommuneplanen sin arealdelen gjere vurderingar på temaet handtering av overskuddsmasser. Dette er relevant i ein utbyggingskommune som Meland.*

*Det er viktig å tenke massehandtering i overordna planarbeid for å vere i forkant av problemstillingane. Omfang og kompleksitet avgjer kva som er søknadspliktig og i så fall kva lovverk og eventuelt kva planverktøy saka skal handsamast etter.*

*I saker med høg grad av kompleksitet vil reguleringsplan kunne gje svar. Areal for massehandtering kan tilretteleggjast på ulike måtar og nivå:*

#### **Arealformål i arealplan**

*I arbeidet med rullering av arealdelen av kommuneplanen på tema, bør kommunen ha eit særskilt fokus på å finne areal til varig massehandtering. Kommunen vil i samarbeid med landbruksnæringa vurdere områder for varig plassering av masser eigna til landbruksproduksjon.*

*Vi må og sjå ein eventuell endra arealbruk i høve til masse handtering, i samanheng med kvar det er lagt ut areal for bustad og næring i gjeldane arealplan. Slik kan vi nå målet om reduksjon i transport under utbygging.*

*Det er under planlegging fleire omfattande reguleringsplanar for vegutbetringar og gang / sykkelvegløysningar som ein del av Nordhordlandspakken. Realisering av desse tiltaka vil generere overskuddsmasser som må planleggast nytta til gjenbruk.*

*Dette gjeld særleg området Fosse - Moldekleiv, Flatøy, Frekhaug sentrum og Vikebø -Rossland. Det må gjerast ei konsekvensutgreiing (KU- vurdering) for områda før dei får endra status i kommuneplanen sin arealdel.*

#### **Mindre areal for overskotsmassar**

*Overskotsmasser frå dyrka mark og jordmassar som er eigna til landbruksproduksjon, bør nyttast til eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende område for dette formålet.*

*Det skal i rulleringa gjerast ei utgreiing på mindre stader i tilknyting til nye utbyggingsområder der ein kan legge inn LNFR- spreidd næring (SN). Arealformålet vert lagt inn som omsynsoner i LNF- område, eller område for Bygg og anlegg (D)*

*Dette arbeidet skal gjerast i samarbeid med aktive bønder i Meland, der det kan vere aktuelt med jordforbetringstiltak.*

#### **Føresegner**

*Føresegner kan styre korleis vi vil at områder for massehandtering skal handterast i forvaltninga.*

*Føresegnerne må veredetaljerte og førande for korleis tiltaket skal gjennomførast og korleis sluttresultatet skal vere.*

*Vi vil i arbeidet med rulleringa gjere vurderingar på å endre føresegnar knytt til masse handtering.*

*Rettleiaren «Jordmassar frå problem til ressurs» vil vere grunnlag for vurderingar i planarbeidet.*

## **Merknad nr 2 frå Mattilsynet:**

### **Planen må ta omsyn til aksomhetsplikta ved handtering og flytting av jordmassar.**

Flytting av jord ved utbygging av vegar, etablering av bustad og- industriområder og anna anleggsverksemder inneber risiko for å spreia planteskadegjerarar og ugras. Smitte kan verta spreidd både med jordmassar som vert flytta og med maskiner med jord, frø og andre planterestar.

Potetcystenematomader (PCN), potetkreft og lys ringråte på potet er døme på planteskadegjerarar som kan spreia ut med jord. Frø av floghavre og rotbetar av parkslirekne, som er ein invaderende planteart, er tilsvarande døme på ugras.

Spesielt PCN overlever mange år i jorda, og mange ugras er vanskelege å bli kvitt.

Matloven stiller krav om at einkvar skal utvise naudsynt aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreieing av planteskadegjerarar. Det er viktig at kommunar og entreprenørar som skal planleggje og/eller utføre anleggsarbeid og flytting av masse, er medvitne om ansvaret sitt.

Faren for spreieing er størst frå dyrka mark. I sjeldnare tilfelle kan det vera alvorlege planteskadegjerarar og ugras på gjengrodde areal, i skog og i private hagar.

Tilsvarande pålegg Naturmangfoldloven i § 6 alle ei aksomhetsplikt for å unngå skade på naturmangfaldet, som til dømes ikkje å medverka til spreieing av framande artar.

Lupin, parkslirekne, kjempespringfrø og tromsøpalme er døme på invaderande planter som også kan spreia ut ved hjelp av jordmassar som inneheld frø eller spiredyktige rot- og stengelbiter.

### **Risiko for mattrypgleik må også vurderast dersom overskuddsmassar skal brukast i produksjon av anleggsjord/jordblanding. Her må risiko for tungmetall eller andre miljøgifter vurderast.**

Ein del jordmassar vert brukt som undergrunnsjord til opparbeiding av jordbruksareal. Overskuddsjord vert og brukt som råvare i anleggsjord.

Jordmassane kan i ein del tilfelle innehalda ureiningar (tungmetall eller andre miljøgifter). Fylkesmannen si miljøvernavdeling gjev løyve dersom det er snakk om å leggje ureina masse under eit jordbruksareal, det vert då sett på som deponi.

Deira løyve går på utslepp til luft og vatn. Kommunane handsamar etter plan- og bygningslova. Ingen av desse styresmaktene gjer vurderingar i høve til **mattrystegleik**.

Et liknande problem oppstår der næringsareal vert omregulert til jordbruksareal (LNF-område). Heller ikkje i slike tilfelle gjer reguleringssstyresmakta vurdering om miljøgifter som kan ligge i jorda etter næringsaktivitet kan ha en risiko for **mattrystegleik**.

**Mattilsynet ønskjer i slike saker å bli involvert.**

### **Merknad nr 3 frå Mattilsynet:**

**Vidare arealplanlegging i denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel kan kome til omfatta område kommunen der det er drikkevasskjelder eller transportsystem for drikkevatn.**

Ny drikkevannsforskrift tredde i kraft 1.1.2017  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-22-1868>

**Mattilsynet vi derfor presisere at drikkevannsforskriften (DVF) § 26 rettar seg mot kommunen i eigenskap av å vera kommune, og ikkje som vassverkseigar, og kan derfor vera relevant i alt planarbeidet dykkar.**

**Derfor vil vi sitere rettleiinga vår til DVF § 26:**

#### **1. ledd: ta drikkevannshensyn i planarbeidet**

*«Kommunen skal i samsvar med folkehelseloven kapittel 2 **ta drikkevannshensyn** når den utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner, samt når den gir tillatelser etter relevant regelverk. Kommunen skal om nødvendig ta initiativ til interkommunalt plansamarbeid for å ivareta drikkevannshensynet der vannforsyningssystemet ligger i flere kommuner.»*

I første ledd viser vi til den plikten dere har som kommune etter folkehelseloven til å ta drikkevannshensyn i planarbeidet. Dette skal legge til rette for en helhetlig kommunal arealforvaltning. Denne plikten er også omtalt i forarbeidene til plan- og bygningsloven.

#### **2. ledd: vurdere behovet for restriksjoner**

*«Kommunen skal i samarbeid med vannverkseieren vurdere behovet for **restriksjoner for å beskytte** råvannskilder og vanntilsigsområder. Dette gjelder også i forbindelse med planarbeid etter plan- og bygningsloven.»*

Kommunen er pålagt å vurdere drikkevannshensynet i planarbeidet etter plan- og bygningsloven. I § 12 i denne forskriften er vannverkseierne pålagt å informere berørte kommuner hvis nødvendige beskyttelsestiltak i vanntilsigsområdet eller råvannskilden krever handling fra kommunen. I andre leddet i § 26 har vi presisert at kommunene skal vurdere behovet for restriksjoner eller andre tiltak når vannverkseieren gir denne typen informasjon.

#### **3. ledd: ha oversikt over vannforsyningssystemer i egen kommune**

*«Kommunen skal på bakgrunn av data fra Mattilsynet **ha oversikt** over samtlige vannforsyningssystemer i kommunen for å ivareta sine forpliktelser etter folkehelseloven kapittel 2. Kommunen skal ha oversikt over hvor innbyggerne i samsvar med § 23 andre ledd kan **finne informasjon** om drikkevannskvaliteten.»*

Kommunen skal ha oversikt over både private og kommunale vannforsyningssystemene i sitt område, og bruke denne oversikten i relevant arbeid i kommunen. Gjennom § 17 krever Mattilsynet at alle vannforsyningssystemer skal registrere seg i Mattilsynets systemer. Disse registreringene skal Mattilsynet gjøre tilgjengelig for kommunen. Det er viktig å merke seg at vannverkseiernes registreringsplikt ikke omfatter enkeltvannforsyninger, og derfor er det heller ikke et krav i denne forskriften om at kommunen skal ha oversikt over disse.

Drikkevannsforsyningen er en viktig infrastruktur i kommunen, og det er derfor viktig at kommunen har oversikt over vannforsyningssystemene. Forarbeidene til folkehelseloven nevner særlige utfordringer med vannforsyningen til personer som ikke er tilknyttet offentlige vannforsyningssystemer. Oversikten skal støtte kommunen i arbeidet med å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre befolkningen tilgang på trygt drikkevann.

Gjennom § 23 er vannverkseiene pålagt å sikre at abonnentene til enhver tid har tilgang til oppdatert informasjon om drikkevannskvaliteten. Kommunen skal ha oversikt over hvor abonnentene kan finne den informasjonen. Oversikten kan for eksempel innebære adresse til nettsteder hvor analyseresultatene publiseres, eller kontaktinformasjon til personer som kan gi informasjonen ved veldig små vannforsyningssystemer.

#### 4.ledd: uttale dere i saker om plangodkjenning av vannforsyningssystem

*«Kommunen skal **uttale seg** om forhold som angår miljørettet helsevern og arealdisponering til planer for nye vannforsyningssystemer og ved søknader om endringer som omtalt i § 18.»*  
Kommunen plikter å uttale seg til søknad om plangodkjenning etter § 18 om forhold som angår miljørettet helsevern og arealdisponering.

#### 5.ledd: vurdere tilgang til nok trygt drikkevann i deres beredskapsplaner

*«Kommunen skal i samsvar med sivilbeskyttelsesloven kapittel 5 og hensynet til **samfunnssikkerhet** gitt i plan- og bygningsloven påse at forsyningen av drikkevann vurderes og følges opp.»*

Kommunen skal se til at forsyning av drikkevann og eventuell svikt i forsyningen vurderes og følges opp gjennom kravene til kommunal beredskapsplikt i samsvar med Veileder til helhetlig ROS i kommunen.

Dere skal legge til rette for samarbeid med vannverkseieren om håndtering av svikt i drikkevannsforsyningen slik at konsekvensene for befolkningen og andre kritiske samfunnsfunksjoner reduseres til et minimum.

Med venleg helsing

Odd Tøsdal  
Seniorinspektør / veterinær  
Mattilsynet, Region Sør og Vest, Avd. Bergen og omland

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal  
[postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no)

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) [www.matportalen.no](http://www.matportalen.no)